



## Referat møte Lab-Samhandlingslegar

23.05.24

### Luftvegsstatistikk

Vi har hatt 22 påviste Bordetella pertussis (kikhoste) hos mikrobiologen i Helse Førde hittil i år. Elles sirkulerer også korona, influensa A, parainfluensa, RSV, Rhinovirus og ulike pneumonia.

Vi planlegg å få på plass ny publisering av Luftveisstatistikk på våre nettsider. Denne er venta på kome på plass til hausten 2024.



## Nye nettsider

Laboratoria har oppdatert sine nettsider på Helse-Førde.no. Her har vi samla informasjon på same stad slik at det skal bli enklare å finne fram.

[Laboratorietenester - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](https://www.helse-forde.no)

<https://www.helse-forde.no/laboratorieinformasjon/>

På nettsida finn de oversikt over våre laboratorieanalysar, bestilling av prøvetakingsutstyr og moglegheit for å melde på nyheitsbrev mellom anna. Under «Informasjon til helsepersonell» står det også oppført informasjon om våre kanalar for tilbakemelding.

## Våre avdelingar

Laboratorium medisinsk biokjemi og blodbank →

Mikrobiologisk avdeling →

Avdeling for patologi →

---

^ Informasjon til helsepersonell

Motta nyheitsbrevet Lab-info →

Rekvisisjonsskjema →

Elektronisk rekvirering →

Transport av prøvar til laboratoria i Helse Førde →

## Obduksjonar

Medisinske obduksjonar utførast ved Førde sentralsjukehus for dødsfall i sjukehus eller når avdøde blir brakt inn til sjukehuset. Det gjerast då ein grundig utvendig og innvendig undersøking av kroppen, med formål om å få oversikt over dødsårsaka og hendelseforløp.

Resultat frå obduksjon kan:

- Fortelle om effekt av behandling
- Gi ny kunnskap om sjukdomar
- Gi kunnskap til legen som kjem andre pasientar til gode
- Gi oversikt over dødsårsaker og helsetilstand i befolkinga

## Rekvirering av obduksjon

Utanfor sjukehuset kan både legevakt og fastlegar rekvirere obduksjon. Rekvisisjon kan lastast ned frå våre nettsider under «Rekvisisjonar». Informasjon og rekvisisjon ligg også på [labanalyse.helse-forde.no](http://labanalyse.helse-forde.no). Skriv då Obduksjon i søkefeltet: [Labanalyser i Helse Førde - Obduksjon \(helse-forde.no\)](http://labanalyse.helse-forde.no)

Kontakt avd. for patologi for å avtale tidspunkt og sending av følgeskjema. Vi har opningstid måndag til fredag 8-15, og kan kontaktast på nummer 57839593 (obduksjon) eller 57839590(ekspedisjon). Som oftast kan rekvisisjon sendast i lukka konvolutt med gravferdsbyrå som frakter den avdøde.

Helfo dekker utgiftene til obduksjon og transport av avdøde til og frå sjukehuset.

## Pacemaker/ICD

### **Gjeldande rett om hjartesimulator ved dødsfall**

Når ein person med hjartesimulator («pacemaker») dør skal dette fjernast dersom den avdøde skal kremerast. Uttak av hjartesimulator skal gjerast av helsepersonell jmf obduksjonslova. For gravlegging er det ikkje lovkrav om å fjerne hjartesimulator, men om ønskeleg kan den fjernast for å hindre ureining av jordsmonnet.

### **Slik vert hjartesimulatorar fjerna**

Informasjon vedr pacemakere vert opplyst om på begjæring om gravlegging og/eller kremasjon. Gravferdsbyrå kan ta kontakt med patologiavdeling for fjerning av implantat, eller det kan gjerast ved andre helseinstitusjonar så lenge det utførast av helsepersonell. I Helse Førde vert hjartesimulatorar kasta i avfall til forbrenning. For eksterne institusjonar må hjartesimulatorar reknast som spesialavfall og destruerast som det om ikkje annan avtale føreligg. Det er ingen kostnad for pårørande for uttak ved patologiavdelinga, men det kan medføre kostnad for transport.

## Greitt å vite

- Rekvirering mikrobiologi

Riktig beskriving av prøvemateriale og lokalisasjon ved rekvirering av prøvar til mikrobiologisk avdeling er viktig for at vi skal kunne analysere prøven best mogleg. Ein del prøvar som sekret og puss skal behandlast forskjellig avhengig av prøvetakingsstad. Derfor treng vi lokalisasjon for å gi god service på diagnostikken. Informasjon om lokalisasjon kan førast i kliniske opplysningar om det ikkje kjem klart fra valgt prøvemateriale.

- Forventa svartider for vevsprøver til avdeling for patologi er opplyst i [labanalyse.helse-forde.no](http://labanalyse.helse-forde.no). Hud som er mest brukt av primærhelsetenesta har svartid på inntil 20 dagar frå mottak i avdeling under vanlege driftsforhold. CITO/hasteprøvar utan behov for tilleggsanalysar er 3 dagar. Total lengde på svartid avhenger av prøven sin kompleksitet, kapasitet i avdeling og andre driftsforhold.